
Fra: Jon Askeland
Sendt: onsdag 26. september 2018 09:12
Til: Anne Dahle Austrheim
Emne: VS: Innspel til evaluering etter stormen Helene

Til føring

Med helsing

Jon Askeland

Ordfører

Radøy kommune

Tlf 47 45 97 20

Tlf 56 34 90 10

WWW.radoy.kommune.no



Fra: Jon Askeland

Sendt: 24. september 2018 12:56

Til: 'steinar.torsvik@bkk.no'; 'gunhild.vangsnes@vegvesen.no'

Kopi: Jarle Landås; Harald J Stanghelle (harald.stanghelle@nhdigi.no)

Emne: Innspel til evaluering etter stormen Helene

Hei, etter samtale med adm.dir. Jannicke Hilland, sender eg dette innspelet etter stormen Helene onsdag 19. september 2018, medan me har inntrykka ferskt i minne.

Eg håpar innspelet blir tatt med i evalueringa etter stormen, og eg er ikkje ute etter å fordela skuld, men at alle impliserte partar som lærande organisasjonar vurderer det for ettertida. Eg vil sjølv sagt starta med å retta ei stor takk til alle som gjorde ein fantastisk innsats med å retta skadene etter stormen. Enno ein gong har me mange å takka for å få samfunnet i gang att etter naturen sine herjingar. Dette innspelet går på leiarmessige vurderingar eit stykke ut i oppryddingsarbeidet torsdag 20. september.

Innspelet gjeld at me frå kommunen si side meiner at Fylkesveg 565 ved Storheimstø sør på Radøy var stengt uakseptabelt lenge, ca 23 timar, etter at stormen førte til omfattande vindfalne tre over fylkesvegen og veglysa langs vegen. I tillegg repeterer eg det me ved tidlegare høve har spelt inn om at aktørane (typisk BKK, Telenor, Statens Vegvesen) aktivt må følgja opp kommunen med informasjon, slik me får oppdatert våre infoflater, sidan me har veldig høge treff under unormale hendingar. Dette fungerte ikkje tilfredsstillande utover torsdagen.

Drøfting:

FV 565 på det punktet som vart stengt, er kategorisert som overordna Fylkesveg, dette er altså ein prioritert veg. Vegen har høg trafikk, truleg mellom 4000 – 5000 ÅDT (målepunkt ved Alversundbrua viser ÅDT på nærare 7000). Altså er trafikken på vegen høgare enn td E 39 i Romarheim og på Stord til samanlikning. Det bur om lag 5000 menneske nord for den stengde vegen (inkl vurdering av at for ein del på Fedje og Austrheim som brukar vegen framfor FV 57 i Lindås). Omkøyringsvegen, FV 407 om Sæbø er heilt ueigna til å ta unna dei trafikkmengdene som går på FV 565 på staden. Dette viste seg i løpet av dagen, med stort kaos på FV 407. FV 565 er også beredskapsveg for FV 57 i høve næringsareal på Mongstad. Situasjonen på omkøyringsvegen var så kritisk at naudetatane ville ikkje kome fram verken for ambulanse, politi eller andre etatar som måtte kome frå sør.

Kommunen si vurdering er at då det lysna av dag morgonen torsdag 20. september, så var det sjølv sagt ei stor oppgåve å få oversikta over den totale situasjonen etter uvèret. Det er på det reine at uvèret førte til større straumutkoplingar enn det vanlege i vinterstormar dei seinare åra. Det tøl sikkert med at ein storm i januar opplevest som meir «vanleg» enn i september. Eg har derfor den største respekt for at me hadde ein svært omfattande skadesituasjon denne gongen. Men, i løpet av få timar torsdag føremiddag, burde det vore ei samla prioritering frå vegeigar og kraftselskap om kor

innsatsen skulle rettast i prioritert rekkefølge. Etter vårt syn, skulle då FV 565 vera prioritert høgare enn me opplevde, ut frå argumenta overfor.

I tillegg til sjølve vegstenginga, vart det ikkje sett inn trafikkdirigering før ca kl 1500. Det var heller ikkje skilta ved Taule, slik at ein del som kom køyrande frå nord, gjorde unødig tur til Austmarka for så å snu. Kommunen si vurdering er at vegeigar si skilting, trafikkdirigering og informasjon ikkje var god nok med dei trafikkmengdene det her var tale om. Igjen gjeld dette eit stykke ut på dagen, om morgonen var det akutt-tiltak i eit stort område som galdt.

Informasjon kommunen fekk i løpet av dagen, kan tyda på at kommunikasjonen mellom vegeigar, kontraktør og BKK ikkje var optimal.

Eg har derfor følgjande spørsmål til evalueringa:

Kva rolle inntok vegeigar for å skaffa seg oversikt over situasjonen med stengde vegar, og prioriteringar?

Korleis innhenta vegeigar informasjon frå vegdriftskontraktørar?

Gjorde vegeigar prioriteringar over tiltak på dei ulike fylkesvegane, og kva var evt grunnen til at FV 565 ikkje vart prioritert opna tidlegare?

Korleis fungerte dialogen mellom vegeigar og BKK i å sikra at BKK sette inn ressursar på denne staden?

Meiner vegeigar at sperring, skilting, trafikkdirigering og informasjonsflyt til kommunen var god nok?

Eg håpar de tek dette innspelet med i vurderingane når også denne krevjande situasjonen skal evaluerast. Radøy kommune står til rådvelde for diskusjon, og me er også opne for å drøfta vår rolle i situasjonen.

Med helsing

Jon Askeland

Ordførar

Radøy kommune

Tlf 47 45 97 20

Tlf 56 34 90 10

WWW.radoy.kommune.no

